

# Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)  
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

---

## KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

### VII. EITT- OG TO-ORDSINNSKIFTER UTAN SETNINGSFORM

[**846**] N-29151. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 46; 1990b: [40]; Hagland og Lorentzen 1997: 64f.)

Innskrifta finst på ein pilodd av tre, utforma med hals og blad med markerte, skarpe mothakar. Gjenstanden er 125 mm lang, 19 mm på det breiaste, og har 6 mm som tjukkaste mål. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, hovudfase 6, det vil seia i ein arkeologisk kontekst som er tidfest til tredje kvartal av 1100-talet. Innskrifta er 40 mm lang og runene frå 12 til 17 mm høge. Bogen på r. 4 (**ᚱ**) er open. Straks etter at gjenstanden vart funnen i 1975 las Aslak Liestøl r. 6 alternativt som **e**. Slik innskrifta er i dag (1992), er det ikkje råd å sjå spor etter punktering korkje på r. 6 eller r. 2. Runene er elles skarpe i risset og byr ikkje på problem med lese måten på noko punkt.

' I ᚱ R ᚾ I ᚱ

**s i k r m i n**

*Sigr minn* 'Min siger'

Mest nærliggjande her må vera å skjøna innskrifta som *sigr minn* - 'min siger'. Sigeren det såleis er referert til, må visa direkte til bruken av ein slik gjenstand som innskrifta står på. Etersom pilodden er av tre, har han sjølvsagt ikkje vore brukt som våpen. Det kan tenkjast at vi har å gjera med ein amulett med ein funksjon som vi i tilfelle ikkje kan anna enn gissa om. Det kan kanskje òg vera tale om ei lita (krigs)leike. Det faktum at gjenstanden ber ei runeinnskrift, kan vera eit argument for funksjonen som amulett. Kor alvorleg det magiske elementet i ein slik amulett med runer frå slutten av 1100-talet i så fall har vore meint, har vi ikkje grunnlag for å seia noko sikkert om.

Ein alternativ måte å oppfatta innskrifta på ville her vera å tolka **sikr** som *sekkr*, og at ho såleis kunne tydst som 'sekken min'. Det ville i tilfelle innebera at vi hadde å gjera med eit slags eigarmerke. Ein slik måte å skjøna innskrifta på synest likevel ikkje å høva så godt korkje med omsyn til det som er å finna av språklege utformingar elles på slike merke, eller med omsyn til forma på sjølve gjenstanden innskrifta står på.

Anten gjenstanden har vore ein amulett av noko slag eller ei leike, er det rimeleg å tru at det har vore lagt vinn på å gi han ei form som likna mest mogleg på ein 'verkeleg' pilodd i samtida. Det største bearbeidde funnet av piloddar frå det område og det tidsrom som er aktuelt i dette tilfellet, skriv seg frå Oppdal i Sør-Trøndelag. Her er det eit relativt stort tilfang av piloddar både frå hundreåra før og etter år 1000. Men ingen av funna derifrå tilsvarar heilt forma på denne etterlikninga av tre frå Folkebibliotekstomta (jf. Farbregd 1972: 21ff m/plansjar). Generelt sett synest likevel piloddar med mothakar å vera vél kjende frå mellomalderen, men hakane er ofte lengre og meir markerte enn det vi ser på denne gjenstanden med runeinnskrift (jf. KLN 13, sp. 276–80).